

Bibliotekservice AS
Postboks 9120
3006 DRAMMEN

Knarvik, 21.11 2014

Avgrensa anbodskonkurranse med forhandlingar

Lindås og Meland bibliotek vil invitere dykkar verksemd, blant fleire, til å levere tilbod på utstyr til «opne bibliotek» ved hovudbiblioteka i kommunane. Me legg vekt på eit saumlaust system der tryggleiken for brukarane, gode rutinar for personleg gjenkjenning ved innregistrering og eit informasjonssystem som gjer det enkelt for brukarane å finne fram, er sentrale element. Systemet må vere stabilt og det må vere dokumenterte rutinar for rask og effektiv support. **Vi ber om ein samla pris for alt som inngår i dei saumløyse installasjonane, inkludert opplæring og driftsutgifter.**

Bakgrunn:

Lindås og Meland bibliotek har hovudbibliotek med kort avstand mellom biblioteka. Vi samarbeider derfor i prosjektet «Praksisfellesskap: To bibliotek –ein struktur» om å utvikle to sjølvstendige bibliotek som skal utvikle teneste til brukarane i fellesskap. Lindås vil vektleggje fakta- og kunnskapsdelen av biblioteket, og Meland vil ha eit spesielt ansvar for den skjønnlitterære sida av verksemda. Vi vil at brukarane våre skal veksle mellom å bruke biblioteka, og vi vil derfor leggje vekt på at dei i inngangspartiet skal kjenne seg att med likt utstyr, lik innreiing og like fargar. Vi er i gang med å leggje inn RFID-kodar i bøkene og vi vil utvide tilboda med innføring av «opne bibliotek» i løpet av 2015.

Utstyr:

3 stk. sjølvbetjeningsautomatar – i for oss valfri farge

RFID-automatane må

- ha enkelt brukargrensesnitt
- vere kompatibel med MM3 og andre biblioteksystem som er på marknaden i dag
- ha heve- og senkefunksjon
- ha kvitteringsskrivar
- kunne gje lånar tilgang til eigen lånestatus; til dømes utlån, fornying og reservasjonar
- kunne koblast til eventuelle sorteringsboksar

-programvaren må kunne fjernstyrast

3 stk. RFID kontoreiningar

Lesar og programvare for arbeid på kontor med overføring frå strekkode. Må ha stack-handtering og vere enkle i bruk og enkle å koble til PC.

Antenne for å lese materiale gjennom bordplate i skranken. (sjølvve eininga i skranken har vi i dag)

Komplett utstyr for at dei to biblioteka skal fungere som opne bibliotek på ein god måte, mellom anna:

2 stk. Innsjekkingseiningar

Må

- ha brukarvennleg login-funksjon
- skjerma innlesingsutstyr
- registrere namn ved innlogginga
- styre innlogging, dørar, overvakingskamera og lys
- Lånekort på mobil skal kunne nyttast- skisser løysinga

Dekkande video overvaking i lokala

-biletservers

Høgtalarar som varslar i forkant av at biblioteka skal stengje

2 stk. administrasjonsprogram

skal mellom anna gje oversikt over hendingar i lokalet når biblioteket er stengd, styre den sjølvbetjente tida og vise videoopptak. Software skal gjere det enkelt å ta ut statistikk, endre opningstider og styre lys i lokalet.

2 stk. eining for saumlaus styring av systemet

2 stk. digitale guidar for brukarane, knytt til katalogsystemet

Pris på eventuelt ekstrautstyr: Lukka innleveringsboks, knytt til innleveringsautomat.

Opplæring

Vi ber om at omfang og type opplæring av alle involverte partar vert spesifisert i tilbodet. Dette gjeld til dømes alle tilsette, huseigar, vaktelskap og IKT-avdelinga i kommunane.

Service og vedlikehald:

Vi ber om at support vert utreda i tilbodet. Vi ønskjer eit så godt support-tilbod som mogleg.

Utreiinga må mella anna dekkje:

-leveringstider

- leveringstider på ekstradelar
- kven er kontaktperson under levering og drift
- garantitid
- tilbod på drifta løysing
- opplæring
- kva for hjelp kan ein pårekna før- under og etter oppstart
- tilgang på umiddelbar hjelp
- supportkostnader
- rutinar for oppdatering av programvare.

Referansar:

Vi ber om minst 2 referansar frå bibliotek, helst norske.

Fristar:

Frist for innlevering av tilbod: 15. januar 2015.

Frist for samtalar rundt tilboda: 1. mars 2015

Frist for retting av tilbod: 10. mars 2015

Underteikning av avtale med valde leverandørar: 15. mars 2015

Levering: Juni 2015

Med helsing

Bente Bing Kleiva

Prosjektleiar

(sign)

Marit Gro Berge

Prosjektleiar